


Årsmelding

2016



Modalen kommune

Innhold




Rådmannen	side 3
Økonomi og rekneskap	side 22
IKT	side 30
Kulturkontoret	side 31
Modalen folkebibliotek	side 33
Sosialtenesta	side 34
Pleie- og omsorgstenesta	side 35
Helsecenteret	side 38
Mo skule	side 42
Modalen barnehage	side 45
Teknisk etat	side 49

Rådmannen

Årsmeldinga er ei tilbakemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at me har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafor dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Den administrative organiseringa og samsvarande økonomisk rammeområde låg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2016.



Hausten 2016 vart det gjennomført mindre organisatoriske endringar. I samband med ny tilsetjing vart stillinga som kultursjef omgjort til kultur og utviklingssjef. Denne stillinga ivaretok no også tidlegare delstilling som rådgjevar i rådmannen sin stab. For å styrkje kommunen sin fokus på digitalisering av intern og ekstern kommunikasjoner er stillinga som IKT/økonomi rådgjevar no knytt til kunde- og servicetorget. I tillegg skal rådgjevaren òg utføre oppgåver ved kommunkassa. Dette for å gje overlappande kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie.

Rådmannen meiner vi har ei god administrativ organisering slik det fungerer i dag. Leiargruppa samhandlar godt, utvekslar erfaringar og yter kvarandre hjelp på tvers av eigne ansvarsområde.

Men rådmannen vil også peika på dei utfordringar som kom fram i leiargruppa sine eigenvurderingar av ulike tenesteområde i forbindelse med kommunereformprosessen. Her vart det mellom anna peika på at vi stort sett berre har ein person innan kvart fagområde / ansvarsområde, og ofte har denne personen fleire roller. Dette gjer oss sårbarare ved lengre fråvær og ved større utskifting av personell. Ei lita leiargruppe og ein liten administrasjon har likevel vore kompensert med solid lokalkunnskap og breidde i kompetanse, som saman med stabilitet i bemanninga har medverka til ei effektiv og fagleg god drift.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljø og personalpolitikk, område som er viktige i alle organisasjonar. Det er kjøpt ulike tenester frå Bedriftshelsetenesta for å gjennomføre HMS-tiltak som vart planlagt for 2016. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidrarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå

Politisk er det ikkje utarbeidd nye reviderte resultat og utviklingsmål etter dette.

Rådmannen har internt i leiargruppa sett fokus på mål og resultatvurdering i organisasjonen. I budsjett / økonomiplan for 2016 sette einingsleiarane opp konkrete utviklingsmål for kvart tenesteområde. Desse måla dannar grunnlaget for evaluering av måloppnåing i denne årsmeldinga.

I samsvar med dette har einingsleiarane gjeve sine tilbakemeldingar i høve fastsette mål i budsjettet for 2016 saman med skildring av sine tenesteområde.

Rådmannen - Mål for 2016:

1. Innan 1.5. førebu og ta imot 10 flyktningar.

Gjennomført.

Kommunen var førebudd til å ta i mot flyktningar på vårhalvåret.

Tre familiar med tilsaman 12 flyktningar vart busett i perioden frå september til desember.

2. Innan 1.4. gjennomføre prosjekt for bygging av kalkingsanlegg i Modalselva og starte opp ordinær drift av dette.

Gjennomført.

Kalkingsanlegget vart testa og opna i mai og sett i ordinær drift i november 2016.

3. Innan 1.7. gjennomføre ein overordna ROS-analyse i samsvar med krav fastsett frå tilsyn av Fylkesmannen i 2015.

Gjennomført.

ROS-analysen vart utarbeida i første halvår. Sak med vedtak i kommunestyret 22.09.16.

4. Innan 1.6. utarbeide underlag og sak til kommunestyret for vedtak om kommunereforma

Gjennomført.

Sak for vedtak i kommunestyret 22.06.16.

5. Innan 1.10. evaluere næringsfondsvedtekter og utarbeide sak til handsaming i kommunestyret.

Ikkje gjennomført. Arbeid/prosess starta våren 2016 og held fram om hausten. Det vart gjort vedtak i kommunestyret 10. nov. om å gjennomføre revisjon av strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet. Er no under arbeid med mål at begge dokumenta skal ferdigstilla til juni 2017.

- 6. I løpet av 1. halvår gjennomføre internt prosjekt for å utvikle og organisere kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen.**

Gjennomført.

Kundetorget har utvida sin funksjon for mottak/utsending og arkivering av brev og anna korrespondanse til/frå kommune, samt mottak av fakturaer. Kundetorget syter også for publisering av post og møtedokument på kommunen si heimeside. Gjennomfører intern opplæring og oppfølging til tenesteeiningane. Kommunen fekk i september ny telefonsentral.

- 7. Ta i bruk ny møteportal for utsending av innkalling /saker til politiske møte.**

*Gje opplæring i bruk til politikarar slik at dei får ei brukarvenleg løysing i sitt politiske arbeid.
Integrere løysing mot etablert program for Acos Møte og Innsyn.*

Gjennomført.

Opplæring i bruk av politikarportalen vart gjeve under folkevaldopplæringa i februar. Politikarane har no fått ei brukarvenleg løysing i sitt politiske arbeid. Ny møteportal er teken i bruk til utsending av saker og til søknader om permisjon/registrering av fråver fra møter. Portalen er ei integrert løysing mot etablert program for Acos Møte og Innsyn.

- 8. Ta i bruk intranett til intern kommunikasjon i kommunen.**

Gjennomført.

Har samla informasjon, rutinar og reglement som skal vere til hjelp for sakshandsamarar, nytilsette, leiarar og verneombod og andre funksjonar. Denne vert også nytta til interne oppslag og beskjedar som skal ut til alle tilsette.

Heimesida er vidareutvikla for å gjere den brukarvenleg og oppdatert med opplysningar til innbyggjarar og andre som søker informasjon om kommunen. Heimesida vert no nytta som kommunen sitt førstevalg for publisering av informasjon til innbyggjarar og andre.

Fokuset som har vore på digitalisering av ekstern og intern kommunikasjon vert vidareført i 2017.

- 9. Auke bruken av e-handlar 100 % i høve til 2015, ved intern informasjon, opplæring og bruk av fleire rammeavtalar til innkjøp**

Mål for tal ordrar i e-handel vart nær nådd. I 2015 vart det sendt 75 e-handelsordrar. I 2016 auka dette talet til 141. Dette er auke på 88%.

Alle tilsette i kommunen med innkjøpsansvar skal kunne handle elektronisk på e-handelsplattforma. Mål om auka bruk av e-handel og fleire rammeavtalar vert vidareført i 2017.

STØRRE HENDINGAR I 2016

Kommunereforma

Drøfting og prosessar ikring kommunereforma var ei stor og viktig sak første halvår 2016. Kommunen tok i 2015 del i prosessar for å utgreia og vurdera ulike alternativ for Modalen, men saka vart hausten 2015 sett på vent både i Modalen og i fleire av nabokommunane. Då framlegget til nytt inntektsystem kom i desember 2015 gav dette ny giv i arbeidet. På møte i Nordhordlands-tinget den 28. januar 2016 vart verknaden av framlegg til nytt inntektsystem gjennomgått. Dette utløyste semje om å sette fart att i arbeidet med å utarbeide ein intensjonsavtale for alle kommunane i Nordhordland og Gulen.

Modalen sitt forhandlingsutval deltok aktivt i denne siste delen av prosessen. Intensjonsavtalen vart underteikna av dei åtte ordførarane på møte i Strilatun den 1. Mars 2016.

Det vart arrangert folkemøte om saka den 12. april 2016 i samfunnshuset på Mo, der om lag 100 personar tok del. I møtet vart det informert om:

- Intensjonsavtalen for ein ny «Nordhordland kommune»
- Utfordringar vedkomande økonomi og oppgåver for Modalen som eigen kommune
- Ungdomsrådet sine framtidstankar for Modalen



Det vart halde folkerøysting om saka den 23. mai 2016 der det var høve til å røyste på følgjande alternativ:

- Modalen skal halde fram som eigen kommune
- Modalen skal gå inn i ein ny «Nordhordland kommune»
- Blank

Resultat av folkerøystinga

Frammøte:

74 % (216 røyster av 292 røysteføre). Også ungdomar mellom 16 og 18 år fekk røyste. Godt frammøte synte stort engasjement for saka mellom innbyggjarane. Det vart gjeve 58 førehandsrøyster og 158 røyster på valldagen.

Fordeling av røyster:

* Modalen aleine 207 røyster - 95.8%

* Modalen inn i «Nordhordland kommune» 8 røyster - 3.7 %

* Blank røyst 1 - 0.5 %

Etter ei litt nølande tilnærming til kommunestrukturreforma gjennomførte Modalen kommune ein grundig prosess med deltaking i konkrete forhandlingar og føretok ulike vurderingar i høve val av framtidsløysing for Modalen. Innbygjarmedverknaden var god. Resultatet av folkerøystinga gav eit tydeleg råd til kommunestyre som i møte den 22. juni 2016 gjorde slik vedtak i Ksak 043/2016:

“Modalen kommune har vurdert sin framtidige situasjon i høve ulike alternativ i arbeidet med kommunereforma. Det er gjennomført høyring om intensjonsavtalen «Nordhordland kommune».

I den rådgjevande folkerøystinga deltok 74 % av dei røysteføre. 95,8 % røysta for at Modalen skulle halda fram som eigen kommune.

Med eit så klart svar frå innbyggjarane, seier Modalen kommunestyre nei til å verta ein del av Nordhordland kommune.

Me meiner Modalen har både økonomiske midlar og menneskelege ressursar til å kunna løysa framtidige oppgåver og gje innbyggjarane våre gode tenester. Det vert lagt til grunn at dei gode interkommunale samarbeidstiltaka vert vidareførte.

Modalen kommunestyre vedtek derfor å halda fram som eigen kommune.”

Kalking av Modalselva

Surt vatn har vore ein av grunnane til at den gamle laksestamma i elva døydde ut på 1970-talet. Gjennomføring av kultivering og kalking av Modalselva har derfor i mange år våre eit stort mål for å retablere ei laksestamme i elva. Kalkingsanlegget på Espeneset var høgtideleg opna 10. mai 2016 av ordførar Tom Kristian Thorsen.

Det vart også i 2016 sett ut rogn og det vart føreteke oppfiske av laks i elva. I 2016 vart det fiska totalt 38 laksar (201,4 kg) og 21 aurar (22,7 kg). Rognplanting og utsetting av smolt skal halda fram i komande år. Kalkingsanlegget skal vere i drift frå desember til juli. Modalen elveigarlag er aktive i kultiveringsarbeidet medan Modalen kommune drive kalkingsanlegget.



Utrasing av Fv 569 ved Otterstad

Den 31.august raste om lag 20 meter av fylkesvegen ved Otterstad ut i elva. Vegen vart stengd, men småbilar under 3.5 tonn kunne kjøre forbi staden på alternativ kommunal veg over gamlebrua på Mo.

Statens vegvesen gjennomført grunnboringar langs elva. Grunntilhøva tilsa at det måtte gjerast eit større sikringsarbeid før vegen kunne byggjast opp att. Den 27. sept starta arbeidet med vøling av vegen. Det måtte lagast ein omkjøringsveg for tyngre bilar forbi ras-staden, frå «Nye bru» over sandtaket og bak tuna på Otterstad til vegen opp til Heiane. Den nye omkjøringsvegen forbi rasstaden opna for tungtrafikk den 18. oktober.

50 meter med ny veg måtte byggjast opp. Det vart laga fundament for ny veg ute i elva. Dette måtte gjerast før vegen kunne murast opp att. Kostnaden for prosjektet vart ca 5 millionar kroner. Arbeidet vart utført kontinuerleg, men tok om lag 3 månader frå oppstart

Overordna ROS-analyse

Under småinvesteringar for 2016 vart det avsett kr 50 000 til kjøp av tenester for utarbeiding av overordna ROS-analyse slik vi var pålagt å gjennomføre etter tilsyn frå Fylkesmannen i 2015. Det vart engasjert konsulent til å bistå med å utarbeide ROS-analysen. Det vart gjennomført ein brei prosess med stor lokal deltaking. Ekstern kostnad utgjorde kr 210 000. Restsum er dekka innan driftsbudsjettet for rammeområde til rådmannen.

Den overordna ROS-analysen vart vedteken av kommunestyret i møte den 22.09. (Ksak 048/16). I samvar med kommunestyret sitt vedtak er ulike tiltak følgt opp i løpende drift og ved oppfølging i budsjettarbeidet for 2017 og økonomiplanperioden. Prioriterte tiltak, som varslingsteneste, vil verte teke i bruk i 2017.

Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2016 var folketalet i Modalen 381 innbyggjarar, og auka til 383 ved utgangen av året. Ein vart fødd og fire døydde. Det gav eit negativt fødselsunderskot på tre. Innanlands flytting i løpet av året var: 15 personar flytta inn og 18 flytta ut av kommunen. Frå utlandet flytta det 8 inn og 0 til utlandet. Netto innflytting var totalt fem. 12 flyktingar frå Syria vart busette i 2016.

Samla sett var det soleis ein liten auke (+0,5 %) i folketalet i 2016, men det er verd å merka seg at flytting er den faktoren som gjev størst utslag. ***Likeeins at utan busetting av flyktingar i 2016 ville Modalen hatt ein reduksjon.*** Om lag 10 % av innbyggjarane har no utanlands bakrunn eller er norskfødte med innvandrarforeldre. Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalsutviklinga er positive for komande år med eit forventa folketal på 430 i 2030. Så langt har det vore vanskeleg å bryte 400-talet.

I Modalen har folketalet hatt slik utvikling :

Per 1.1.	1994	2004	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Innbyggjartal	343	366	351	344	370	370	383	372	378	381	383

I tiårsperioden frå 2004 til 2014 har folketalet vore nær stabilt, men med mindre årlege svingningar. Frå 2014 har det vore ein liten, men årleg positiv auke.

Kommunale utlegebustader – bygging av nye private bustader – bustadtomter

Etter revisjon av tilskotsreglementet for bustader i 2011 så har det vore ein betydeleg auke i talet på bygging av nye private bustader. I tillegg har det vore ein auke i talet på eldre hus som er kjøpt og rehabilert. I 2016 vart det ikkje ferdigstilt nye bustader i kommunen, men 3 nye bustader er under oppføring. Det vart gjeve tilskot til kjøp av 4 hus og totalt vart det utbetalt kr 373.500 til bustadkjøp og teknisk utbetring.

På Mo og Øvre Helland er det berre ei ledige kommunal tomt på kvar stad medan det er 3 tomter ved barnehagen på Helland. I tillegg er det nokre regulerte tomter i privat eige. Det er derfor no behov for å få klargjort nye tomter, særleg på Mo.

Tal nye bustader teke i bruk:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Sum
Oppføring av nye private bustader	1 (3*)	0	3	7	3	0	0	14 (16*)
Tilskot til kjøp rehabilitering av bustad	4	2	3	2	1	4	4	20

*) Inkludert to nye einingar i kommunal utlegebustad på Mo, teke i bruk i 2010

Utbetalt tilskot til bygging og kjøp/utbetring av eldre bustader:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Utbetalt tilskot til oppføring av nye private bustader (tal i 1.000)	250	0	750	1.500	750	0	0
Utbetalt tilskot til kjøp / rehabilitering av bustader (tal i 1.000 kr)	345	251	300	150	80	454	573

Planlagt sal av ein eldre bustad på Øvre Helland vart stogga for å halde den ledig til busetting av flyktingar i 2016, men alle flyktingane vart busette på Mo. Bustaden vil verte lagt ut for sal i 2017.

Kommunestyret vedtok i 2012 (Ksak 033/12) at det skulle innførast standariserte leigekontraktar med ei tidsgrensing på 3 år ved utleige av kommunale bustader. Det er gjennomført oppfølging av 3 års fristen frå og med 2016.

Oppfølging av restansar for lån og husleige

Modalen kommune har i 2016 gjennomført oppfølging av uteståande krav av husleige for bustader som er utleidt på forretningsmessig vis. Det er behov for ytterlegare oppfølging som vil verte iverksett på våren 2017. Det er sett av midlar i rekneskapet for moglege tap.

Likestilling

Arbeidsgjever har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakrar. Av 104 fast tilsette er 82 kvinner og 22 menn. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert sokjar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikra deltidsarbeidande størst mogeleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltidsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenesteområda.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik for fast tilsette i kommunen dei siste 5 åra:

Stillingsstorleik snitt	2013	2014	2015	2016	2017
Kvinner	80 %	78 %	73 %	73 %	75%
Menn	92 %	91%	90 %	90 %	87%

Kjønnsfordeling av fast tilsette

	Pr. 1. 1. 2017			
	Menn	%	Kvinner	%
Rådmann/ assisterande rådmann	2	100	0	0
Einingsleiarar	2	25	4	75
Andre tilsette	18	19	77	81
Alle tilsette i Modalen kommune	22	21	82	79

I kommunestyret er det åtte menn og fem kvinner. I formannskapet auka tal kvinner frå to til tre etter sist val.

Diskriminering og etikk

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010. Modalen kommune er tilmeldt KS sitt styrevervregister <http://www.styrevervregisteret.no/> med lenke lagt inn på kommunen si heimeside. Her kan ein finne opplysningar om ulike verv som tilsette og politikarar har i andre selskap og organisasjonar. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningslinjer.

Det er gjennomført tiltak dei siste åra for å betre universell utforming ved helseenteret og ved busstopp Mo skule. Det er ei utfordring at funksjonshemma framleis ikkje har tilgjenge til andre høgda i kommunehuset.

Personalpolitiske retningslinjer

Retningslinjer for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Desse er retningsgjevande for kommunen sin personal- og lønnspolitikk. Retningslinjene vil verte revidert i 2017.

Alderssamansetting fast tilsette

Tal tilsette:	Under 30 år	30 - 39 år	40- 49 år	50 - 59 år	Over 60 år
Kvinner	8	20	23	21	10
Menn	2	6	6	5	3

Tabellen syner at 39% av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år og 13 % er over 60 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rutinerte tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Samstundes syner tala at det ligg ei utfordring i at mange i denne gruppa i løpet av dei neste ti åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trond for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane, men samstundes må me setja inn tiltak for ny rekruttering. I den samanheng må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss kompetanse for framtida. Me må mellom anna vurdere om me skal ha ei meir offensiv satsing på rekruttering av unge arbeidstakrar til dømes gjennom lærlingeordninga. I dag har me ein læreplass i kommunen, men frå 2017 vil me arbeide for å auke dette talet.

HMS- arbeid

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med Salutis AS (tidlegare HMS-gruppen), som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei har bidrige med rettleiing, kontrollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylge opp dette arbeidet.

Det var berre eit møte i AMU i 2016. Bedriftshelsetenesta deltok.

Sjukefråvær i %:

År	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
2010	6.1	5.1	5.1	6.3	5.7
2011	7.1	7.3	8.0	9.3	7.9
2012	12.1	11.8	10.5	9.9	11.1
2013	10.7	10.1	7.0	7.8	8.8
2014	7.7	9.5	8.9	8.8	8.8
2015	8.7	9.2	4,2	8.6	7.6
2016	11,3	7,9	5,4	9,6	8,5

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemد. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for inkludering av dei som står i fare for å falla ut av arbeidslivet, eller som slit med å koma inn i arbeidslivet. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV Arbeidslivssenter er partar i avtalen. Det utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande:
1- Sjukefråvær 2 - Personar med redusert funksjonsevne 3 - Avgangsalder.

Resultatmålet for det lokale sjukefråvårsarbeidet fram til utgangen av 2018 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra. Kommunen har ikkje klart å nå dette resultatmålet. Likevel ser me ei positiv utvikling dei siste åra.

Det er kontinuerleg fokus på sjukefråvårsarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som gjev utslag på fråvårsprosenten.

Korttidsfråværet ved alle einingar er lågt.

Blant seniorane er det ingen nye som har teke ut heil eller delvis pensjon etter AFP-ordninga dette året. I samsvar med seniorpolitiske retningsliner er det 2 tilsette over 62 år som får utbetalt eit lønnstilskot, og ein person er innvilga redusert arbeidstid. Tala syner at fleirtalet av seniorane vel å stå i arbeid fram mot pensjonsalder.

Også 2016 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er gjennomført viktig og godt arbeid med organisasjonsutvikling og tenesteutvikling i dei ulike einingane. Eingsleiarane presenterte sine fokus- og utviklingsområde for kommunestyret hausten 2016.

Rådmannen vil her retta ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2016 og til tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året.

Rådmannen vil også takka for samarbeidet med politikarane.

MØTE I POLITISKE ORGAN OG OPPFØLGING AV VEDTAK

Kommunestyret



Kommunestyret har følgjande medlemar i perioden (2015 - 2019):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kristin Nåmdal, <i>varaordførar</i>	Tom Kristian Thorsen, <i>ordførar</i>
Kjetil Eikefet	Linda Neset
<i>Knut Moe</i> * / Anne Britt Almelid	Ann-Jorunn Farestveit
Liv Anne Aanesen	Frank Stian Steinsland
Roger Wilhelm Fure	Håvard Engeseth
Svanhild Moberg Nordaas	Robert Helland
	Sigmund Vikane

- * *Knut Moe* fekk fritak for sitt verv i kommunestyret frå 10.03.2016.
Anne Britt Almelid rykka då opp som fast representant.

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal møter	7	8	7	6	6	4 + 3 2)	9 3)
Tal saker	58	58	71	40	47 1)	58 1)	74 1)

- 1) Ved innføring av nytt sak og arkivsystem har ein innført faste saker for: «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok», «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.
- 2) Etter valet vart det halde 3 møte i det nye kommunestyret.
- 3) Inkludert møte over to dagar med folkevaldoppplæring (9.-10. februar)

Innkallingar og protokollar vert no sendt ut elektronisk til kommunestyre / formannskap og vert lagt ut på kommunen si heimeside. Kommunestyret har teke i bruk den nye politikarportalen og brukar sine private PC-ar til politiske gjermål. For dette får dei ei årleg godtgjering. Innføringa av elektronisk utsending har redusert kostnader til porto og effektivisert dette arbeidet.

Kommunestyret har i 2016 mellom anna handsama følgjande saker:

Dato	Saknr	Saka gjeld
10/3	010/2016	Godkjenning av detaljreguleringsplan for sandtak Helland og Krossdal
10/3	011/2016	Vedlikehald av kommunale bygg i Modalen kommune
10/3	012/2016	Uttale frå Modalen kommune – interkommunal Nærings- og samfunnsplan, Nhl
10/3	013/2016	Busetjing av flyktningar 2016 og plantal for 2017
10/3	014/2016	Vedtekter for Modalen ungdomsråd
10/3	016/2016	Kommunestruktur - folkerøysting
10/3	017/2016	Kommunestruktur – intensjonsavtale om ny kommune «Nordhordland» - høyring
21/4	023/2016	Takstvedtekter for sakkunnig nemnd og sakkunnig klagenemnd - egedomsskatt
21/4	024/2016	Val av felles sakkunnig nemnd og sakkunnig klagenemnd for egedomsskatt – Masfjorden kommune og Modalen kommune
16/6	029/2016	Høyningsuttale – søknad om løyve til 8 små vasskraftverk i Modalen kommune
16/6	030/2016	Administrativt vertskommunesamarbeid om hjorteforvaltninga med Vaksdal og Voss
16/6	031/2016	Søknad om konsesjon på Gbnr 81/3 og 55 etter brot på lovbestemt buplikt
16/6	032/2016	Stiftinga Bjørn West-museet, samarbeidsavtale
16/6	033/2016	Fornying av sals- og skjenkeløyve for løyveperioden 01.07.2016 – 30.06.2020
22/6	043/2016	Kommunestruktur – vurdering og val av framtidsløysing for Modalen
22/9	048/2016	Risiko- og sårbarheitsanalyse for Modalen kommune
22/9	049/2016	Ny organisering av Reiselivsnæringa i Nordhordland – medlemskap i nye «Region Bergen reiseliv»
22/9	051/2016	Områdeplan Otterstad –Trohaug - Mulighetstudie
10/11	057/2016	Avtale om drift og vedlikehald av Nygardsvegen II, Modalen kommune
10/11	059/2016	Kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde
10/11	060/2016	Plan for forvaltningsrevisjon Modalen kommune 2016-2019
10/11	061/2016	Plan for selskapskontroll Modalen kommune 2016-2019
10/11	063/2016	Revisjon av vedtekter for næringsfond og strategisk næringsplan – Modalen kommune
10/11	064/2016	Modalen nærings- og tenestesenter
10/11	065/2016	Brøyting til eldre og funksjonshemma
15/12	071/2016	Busetting av flyktningar 2017
15/12	074/2016	Prolongering av avtale med Modalen Kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2016 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

Formannskapet

Formannskapet har følgjande medlemar i perioden (2015 - 2019):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kristin Nåmdal, <i>varaordførar</i>	Tom Kristian Thorsen, <i>ordførar</i>
Kjetil Eikefet	Linda Neset
	Ann-Jorunn Farestveit

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal møter	8	7	9	7	7 2)	9 + 3 2)	9
Tal saker	52	50	65	41	47 1)	69 1)	68 1)

- 1) Ved innføring av nytt sak- og arkivsystem har ein innført faste saker for: «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok», «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.
- 2) Nyvald formannskapet hadde to møte over tre dagar ved oppstart av arbeidet med budsjett/økonomiplanen.

Formannskapet har i 2016 mellom anna også handsama følgjande saker:

Dato	Saknr	Saka gjeld
23/02	011/2016	Kulturvernmidlar 2016
23/02	014/2016	Temaplan for idrett og friluftsliv Modalen kommune
05/04	019/2016	Søknad om forlenging av frist for igangsetting av bygging gnr 76 bnr 103
31/05	031/2016	Bygging av bustader for flyktningar
31/05	033/2016	Utfisking i Steinslands- og Stølsvatnet – søknad om tilskot
31/05	034/2016	Uttale frå Modalen kommune – Driftskonsesjon for Otterstad sandtak i Modalen
18/10	059/2016	Uttale frå Modalen kommune – Høyring av søknad om endring av 300 (420) kv linje Modalen - Mongstad

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2015 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet i Modalen vart oppretta 15. november 2015. I sitt første driftsår har dei hatt 5 møte samt delteke på eit møte i kommunestyret. Ungdomsrådet har vore representert på Ungdommens fylkesting i Hordaland og besøkt ungdomsrådet på Radøy. Dei har laga til to arrangement for ungdomar – filmkveld i februar og eit sommar-arrangement i juni.

Ungdomsrådet tok aktiv del i drøftinga av kommunereforma og hadde innlegg på folkemøtet i april. Dei eldste ungdomane fekk også delta i folkerøystinga då aldersgrensa vart sett til 16 år.

I november var ungdomsrådet invitert med i kommunestyret for å presentere seg og kva saker dei er opptekne av. Ungdomsrådet har uttalt seg til politiske saker som vedkjem ungdomane og framtida deira i Modalen. Referat frå møta deira vert lagt ut på kommunen si heimeside.



NÆRINGSFONDSSTYRET

Medlemane i formannskapet er også næringsfondsstyret.

År	Tal møter	Tal saker	Tilskot løyvd kr	Lån løyvd kr
2010	7*	8 *)	728 700	0
2011	7	11	861 850	375 000
2012	2	7 *)	940 929	0
2012	(Delegasjon rådm.)	3	28 000	-
2013	4	6 *)	947 000	250 000
2013	(Delegasjon rådm)	3	138 500	22 000
2014	2	9	160 300	23 400
2014	(Delegasjon rådm)	7 **)	125 520	-
2015	2	8	2.578 000 2)	2.037 495 2)
2015	(Delegasjon rådm)	5	313.400	-
2016	6	25 (4 1)	531 760	184 665
2016	(Delegasjon rådm)	5 **)	103.800	-

*) Ei handsama sak var ei klagesak. **) Inkludert avslag på ein søknad

1) Dersom antal saker vert korrigert i høve tidlegare registrering så gjorde næringsfondsstyret vedtak om stønad i berre 4 saker.

2) Summen inkluderer tilskot til Coop Øvre Helland Nærbutikk sak FOR 025/2015 og kommunestyrevedtak i sak

056/2015 om å yte kr 1.600.000 i tilskot og kr 1.700.000 i lån til Modalen Næringsbygg AS.

Fondstyret har våren 2016 hatt ein gjennomgang av gjeldande vedtekter, og hausten vore styringsruppe for revisjon av fondsvedtekten og strategisk næringsplan.

Løyvde summar i tabellen ovanfor syner den øvre ramma for kommunen sine forpliktingar til mottakarar i dei aktuelle år. Denne summen kan verte mindre om prosjekt ikkje vert gjennomført som omsøkt.

Tilsegn om stønad er slik fordelt på ulike næringar:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Landbruk	3	6	8	2	5	5 *	4
Reiseliv/service/handel	2	2	-	4	1	1	1
Industri/produksjon/anlegg	-	-	-	1	-	1	1
Prosjekt/anna	2	3	2	1	3	1	2

*Frå næringsfondet er det i tillegg gjeve tilskot ved generasjonsskifte på ein gard.

Osterfjord Næringsamarbeid

Osterøy, Vaksdal og Modalen har eit samarbeid gjennom Osterfjord Næringsamarbeid, som får tildelt midlar til si verksemd frå Hordaland fylkeskommune. Det er ikkje gjeve stønad til tiltak i Modalen i 2016.

Kompensasjonsordning for arbeidsgjevaravgift

Hordaland fylkeskommune har administrert ei ordning med tildeling av kompensasjonsmidlar for endra arbeidsgjevaravgift. For åra 2007-2015 har det samla vore sett av kr 1 710 000,- til tiltak i Modalen kommune. Til eit videokonferanseprosjekt for lokale bedrifter vart det i 2010 utbetalt kr 500.000. I 2016 vart kr 785 017,- utbetalt som tilskot til oppgradering av området ved Bryggjeslottet og kr 200.000 til eit prosjekt for utbygging av mobildekning.

I 2016 sette fylkeskommunen av nye kr 75.220,- som kompensasjonsmidlar for Modalen. Saman med tidlegare restbeløp har Modalen kommune til rådvelde kr 300.203,- som er godkjendt nytta til «*Vidareføring av prosjekt for auka turisme i Modalen*».

Utvikling av status for Næringsfond:

År	Inngående saldo pr. 01.01.	Utgåande saldo pr. 31.12.
2010	6 620 506	2 235 118
2011	2 235 118	8 577 992
2012	8 577 992	8 443 268
2013	8 443 268	9 846 208
2014	9 846 208	13 014 207
2015	13 014 207	12 767 508
2016	12 767 508	10 713 406

Av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som **grunnkapital** og denne er **inkludert** i saldoar ovanfor.

BRUK OG TILGANG – NÆRINGSFONDET 2016

	Bruk	Note	Tilgang
Saldo pr. 01.01.2016		10	10 767 508
Konsesjonsavgift mv			5 403 985
Konsesjonskraftsal til Modalen Kraftlag			50 000
Renter og avdrag			584 051
Anna inntekt			286 315
Utlån til privat verksemd	1 768 495		
Tilskot til bustader	573 429		
Tilskot til privat verksemde	2 534 475		
Elevstipend	281 860		
Utgift i drift (mellom anna IKT/breiband)	129 779		
Lønnskostnader delstilling utvikling	58 430		
Konsulent/advokathjelp i drift	0		
Tapsføring	46 258		
Finansiering av investering	2 985 727		
Saldo pr. 31.12.2016			8 713 406

*Summen er eksklusiv kr 2 millionar kroner bunde som grunnkapital.

(Rekneskap note10)

Næringsfondet vert også nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd.

I 2016 er det innvilga inntil kr 400.000 i tilskot til kjøp/vøling av fire bustader. Av dette er kr 373.429 utbetalt i 2016.

Løyvingar til næringsføremål vert utbetalt innan fastsett frist for gjennomføring og med ulike vilkår knytt til tildelinga. Utbetaling kan dermed skje heilt eller delvis i neste rekneskapsår.

Av innvilga tilsegn i 2016 er berre vel 100.000 kroner i tilskot ikkje utbetalt ved årsskifte. Dei frie disponible fondsmidlane må justerast for desse forpliktingane til kommunen.

Kommunestyret vedtok i 2012 ein langsiktig avtale om sal av kommunen si konsesjonskraft til Modalen kraftlag. Midlar frå sal av kraft til lokalt næringsliv er avsett i næringsfondet som føresett i kommunestyrevedtaket.

Modalen kommune har forskottert kr 2 800 000,- til utbetring av Fv 569 Dalseid-Eidslandet. Av desse midlane vart kr 424 242,- refundert frå Hordaland fylkeskommune i januar 2015. Resterande forskottering kan ikkje ventast refundert før etter 2018. Midlane vil verta tilbakeført til næringsfondet.

FONDET TIL FISKE OG VILT 2016

Modalen kommune vedtok i 2013 vedtekter for forvaltning av midlar for fond til Fiske og vilt.

Bruk og tilgang:

	Bruk	Tilgang
Saldo pr. 01.01.2016		1 546 159
Tilført frå ulike konsesjonsvilkår		140 352
Renter		16 163
Saldo pr. 31.12.2016		1 702 674

I 2016 (Fsak 033/2016) var det løyvd inntil kr 567.000 til investeringar og inntil kr 214.000 til arbeid med eit fiskekultiveringstiltak i Steinslandsvatnet / Stølsvatnet. Det er ikkje føreteke utbetalinger, og kommunen har heller ikkje motteke rapport om status om gjennomføring.

BKK SITT VILTFOND

Kommunane Vik, Voss, Vaksdal og Modalen har også eit felles viltfond som vert forvalta i fellesskap, men no administrert av Vik kommune.

KOMMUNALT EIGARSKAP I SELSKAP

Det er i 2016 ikkje føreteke endringar i kommunen sitt eigarskap i ulike selskap.

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande selskap:

Selskap	Aksjekapit	Eigardel	Representasjon i styre
Modalen Næringsbygg AS	6 342 000	92,7%	Harald Kjensli, leiar Tone Selmer Skuggevik, nestleiar Terje Nygard,
Modalen Eksingedalen BillagAS	2 392 500	19,4%	(Knut Moe er styreleiar, men ikkje vald i styre på vegne av Modalen kommune)
Kommunekraft AS	320 000	0,3%	
Modalen Kraftlag BA		1 andel	Ingen
Fjord Norge AS		1 andel	Ingen

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande interkommunale selskap:

Selskap	Kommunal representasjon i styre / råd
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)	Harald Farestveit, styremedlem Inga Jorunn Nåmdal, medl. representantskap Terje Nygard, medl. representantskap
Nordhordland Utviklingselskap IKS (NUI)	Ordførar Tom Kristian Thorsen, medl. representantskap
Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)	Ordførar Tom Kristian Thorsen, medl. representantskap
Nordhordland Revisjon IKS	Ordførar Tom Kristian Thorsen, medl. representantskap
Nordhordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)	Liv Anne Aanesen, leiar representantskap Frank Stian Steinsland, medl. representantskap Kjetil Eikefet, varamedlem styret
Interkommunalt arkiv IKS (IKAH)	Sigmund Vikane, medl. representantskap og valkomite

Modalen kommune har også andelar i følgjande selskap/foretak:

NIT kommunedata (1), AL Biblioteksentralen (1), Nordhordland Veteranbåtlag (25) slik det går fram av note til rekneskapet for 2016.

Økonomi og rekneskap

SAMANDRAG

Det viktigaste økonomiske nøkkeltalet når det gjeld å vurdere drifta i kommunen, er netto driftsresultat. Det er tilrådd å leggja til grunn at netto driftsresultat bør vera på lag 1,75 % av driftsinntekta for å ha ein sunn økonomi. Netto driftsresultat er overskotet frå den løpende drifta i rekneskapsåret som kommunen kan nytta til avsetjingar og investeringar.

Rekneskapsåret 2016 i Modalen kommune er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på om lag kr 4,3 millionar. Det utgjer 4,7 % av samla driftsinntekt som var på kr 92,1 millionar. Rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot for 2016 er om lag kr 2,9 millionar. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og avsetjingar, samt disponering av resultatet frå 2015.

Netto driftsresultat i 2016 på kr 4,3 millionar er kr 2,9 millionar lågare enn i 2015. Dersom ein korrigerer resultatet for postane knytt til premieavvik, samt netto avsetjing til bundne driftsfond kjem ein fram til Korrigert netto driftsresultat. Korreksjonane i 2016 førte til nesten ingen endring, og korrigert netto driftsresultat vart òg om lag kr 4,3 millionar. Det korrigerte netto driftsresultatet i 2015 var kr 7,1 millionar.

Lønsutgifta er den største utgiftsposten til kommunen. Kr 54,2 millionar inkl sosiale kostnader (53,1 millionar i 2015) av samla driftsutgifter på kr 91,9 millionar, utgjer 59,0 % (60,5 % i 2015). Lønsandelen av utgiftene er lågare i Modalen kommune enn i dei fleste andre kommunar, men dette må òg sjåast i samanheng med at vi kjøper ein del tenester frå andre kommunar, samt utviklinga over tid.

Økonomisk oversikt for investeringsrekneskapen syner eit finansieringsbehov på kr 5,6 millionar. Dei største investeringsprosjekta i 2016 har vore ferdigstilling av Kalkingsstasjonen, brannbil, og ferdigstilling av oppgradering av vassverk på Øvre Helland.

Kommunebarometeret

Kommunal rapport har vurdert dei førebelse Kostra-tala til kommunane. Når det gjeld dei økonomiske nøkkeltala, vert Modalen rangert som nr 14 i landet mot 10. plass i fjar. Dette kjem fram som ei samla vurdering av ei rekke økonomiske nøkkeltal. Kommunal rapport gjorde endringar i fjar i utvalet av økonomiske nøkkeltal, og tala/plasseringane avviker dermed frå det som vart presentert før det.

2017-barometeret har tal for rekneskapsåret 2016. Tilsvarande forskyvning dei andre åra.


	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Plass på økonomibarometeret	29	16	28	16	10	14

VURDERING

Resultat i drifta

2016 har gjeve eit godt, positivt netto driftsresultat for kommunen.

Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2011-2016 (Tal i 1000)




Netto driftsresultat er resultatet av løpende driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpende drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år, samt gjev ein peikepinn på kor robust økonomien er.

I samandraget er det peika på premieavviksinntekt som er ein post som påverkar netto driftsresultat utan eigentleg å vere ein del av den løpende, ordinære drifta. I tillegg til dette kan ein ha inntekt frå øyremerka/bundne midlar. Resultatet justert for premieavviket, og justert for netto avsetjing til bundne fond fører fram til **korrigert netto driftsresultat**. Dette utgjer kr 4,3 millionar i 2016 mot kr 7,1 millionar i 2015 og kr 5,6 millionar i 2014.

Kr 4,3 millionar utgjer 4,7 % av driftsinntektene. Tilsvarande resultatprosent var 8 % i 2015 og 6,4 % 2014. Dette er godt over tilrådd nivå, og har vore høgt dei seinare åra. I 2016 vart det gjeve lån og tilskot frå N-fondet på til saman kr 3,3 millionar. Dette er med og påverkar både netto driftsresultat og korrigert netto driftsresultat og bidrar mykje til den samla endringen frå 2015 til 2016.

Kommunebarometeret til Kommunal rapport legg til grunn **korrigert netto driftsresultat** ved vurdering og samanlikning av kommunar. Korrigeringa skjer som nemnt ved at ein justerer for premieavvik og netto avsetjing til bundne fond. Under følgjer ein tabell som tek omsyn til desse posteringsane, samt i tillegg justerer for følgjande særskilte tilhøve i 2011: kr 2,5 millionar i etterbetaling av konsesjonsavgift for 2005-2010.

Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2011-2016 (tal i 1000)



Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge driftsresultat for å kunna finansiera investeringsutgiftene med eigne oppsparte midlar. Korrigert netto driftsresultat på kr 4,3 millionar er kr 1,35 millionar lågare enn gjennomsnittet for dei siste 5 åra. Merk at Rådmannen tidlegare har vist til at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet dei seinare åra har det vore eit særleg fokus på tilhøvet mellom årleg driftsresultat og investeringsnivå. Det vert jobba med målsetjing om å levere gode resultat. Mykje av nedgangen frå 2015 til 2016 skuldast «ekstraordinært» høgt lån/tilskot for det året, det er likevel auka press på resultatnivået som følgje av nedgangen i eigedomsskatteinntekt som har komme, og som truleg vil forsterka seg i åra som kjem.

Rekneskapsmessig mindreforbruk: kr 2 893 270,75

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Kommunestyret skal gjera vedtak om disponering av dette resultatet.

Driftsinntekt


Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein svært liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv.

Diagrammet under syner at nesten halvparten av samla driftsinntekt (45,11 %) kjem frå postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. (Tilsvarande prosent i 2015 var 47,78 %) Det meste av dette er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Rammetilskot frå staten og personskatt er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største. Prosentandelen er 29,59 % for desse postane i 2016, ein auke på meir enn 2 prosentpoeng i høve til 2015, då prosentandelen var 27,57 %.

Det er såleis tydeleg at det er inntekt basert på utnytting av kommunen sine eigne ressursar som er det viktigaste grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har svinga noko omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden, men ein ser no ein nedgang som følgje av reduksjonen i eigedomsskatteinntekt.

Rammetilskot frå staten har i same periode svinga frå om lag 16 % i 2000 ned til under 8 % av dei samla inntektene i 2010, og 18,45 % i 2016 (NB: stor auke i 2011 som følgje av innlemminga av barnehagetilskotet). Samla driftsinntekt auka med 3,8 % i høve til 2015 medan auken i driftsutgift var på 5,4 %, sjå lenger nede om dette.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar 2016



Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 87,8 millionar til kr 91,9 millionar frå 2015 til 2016. Auken utgjer 4,7 %, ein mykje høgare utgiftsvekst enn året før (1,90 %). Dette er inklusiv avskrivingar og utanom finanspostane. Avskrivningsutgift vert nulla ved eigen motposting i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat.

Utgiftsveksten er både høgare enn inntektsveksten og høgare enn utgiftsveksten frå i fjar.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Sum driftsutgift (tal i 1000)	77 625	82 219	84 997	86 147	87 780	91 923
Prosentvis endring	5,31 %	5,92 %	3,37 %	1,36 %	1,90 %	4,72 %

Auken i samla driftsutgift er høgare enn dei fleste åra i siste 6 års periode, samt høgare enn normal pris- og lønsvekst skulle tilseie. Den kommunale prisindikatoren/deflatoren var sett til 2,6 % i 2016.

Høg utgiftsvekst skuldast mellom anna:

- Tilskot frå Næringsfondet (bruk av fondsmidlar)
- Integrering av flyktningar (finansiert med tilskotsmidlar)
- Avsette midlar til tvistesak (oppsamla kostnad)
- Flytting av utgifter frå investering (løyving i investeringsbudsjettet)
- Oppstart av kalkingsstasjon (finansiert med midlar frå Staten)

Løn inkl vikarbyrå og refusjon sjukeløn

Lønsutgift utanom pensjon og arbeidsgjeveravgift har auka med 1,2 %. Tek ein med sosiale utgifter (pensjon/arbeidsgjeveravgift), refusjonsinntekt frå sjukmeldingar og fødselspermisjon, samt utgift til vikarbyrå i oppsettet, er auken òg 1,2 %. Det er i hovudsak innan Pleie og omsorg det har vore bruk av vikarbyrå. Bruken av vikarbyrå har minka mykje.

KS opplyser i samband med tariffoppgjeren for 2015 at utrekna årslønsvekst frå 2015 til 2016 for kommunane er 2,4 %.

(Rekneskapstal i tusen)	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Lønsutgift	37 431	39 206	39 708	40 198	42 668	43 197
Sosial utgift	9 040	9 485	10 248	10 736	10 455	10 972
Vikarbyrå	0	0	1 000	3 399	1 376	590
Ref sjukeløn	-1 468	-1 893	-2 010	-1 923	-2 014	-2 071
Ref fødselspengar	-349	-202	-334	-242	-987	-570
Netto løn inkl vikarbyrå	44 654	46 596	48 612	52 168	51 498	52 118
Endring i %	5,65 %	4,35 %	4,33 %	7,32 %	-1,28 %	1,20 %

Budsjettstyring og avvik

	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Buds(end) 2016	Regnskap 2015	Avvik	Avvik i %
Rådm/sentraladm	12 176 331	13 780 300	13 730 300	13 130 561	-1 553 969	-11,3 %
Kultur	3 354 136	3 076 100	3 226 100	3 194 569	128 036	4,0
Sosial og barnevern	1 015 799	827 700	827 700	653 174	188 099	22,7 %
Skule	10 433 242	10 848 064	10 848 064	10 168 444	-414 822	-3,8 %
Barnehage	4 371 542	4 942 195	4 942 195	4 285 619	-570 653	-11,5 %
Pleie og omsorg	13 465 159	14 298 800	14 298 800	12 496 197	-833 641	-5,8 %
Kommunelege	4 638 259	4 435 000	4 435 000	4 407 175	203 259	4,6 %
Teknisk	12 760 108	12 090 692	12 290 692	11 731 893	469 416	3,8 %
Total	62 214 576	64 298 851	64 598 851	60 067 633	-2 384 275	-3,7 %

Oversikta syner nettoutgift pr. budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettlovyngane. Kommunestyret har gjeve rammeløyving til budsjettområda:

Rådmannen/sentraladministrasjon, Kultur, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk.

4 av budsjettområda har mindreforbruk i høve til budsjettlovynginga, og 4 av budsjettområda har meirforbruk. Samla er budsjettområda innanfor samla løyving med eit mindreforbruk på om lag kr 2,4 millionar, som utgjer 3,7 %.

Forklaring negative avvik:

Sosial og barnevern

- Auke i ytingar til livsopphald

Kultur

- Kostnader Bryggjeslottet
- Lågare billettinntekter enn budsjettet

Kommunelege

- Auka driftsutgift legetenesta, inkl leigeutgift til lege frå Masfjorden kommune

Teknisk etat

- Avsette midlar til tvistesak
- Utgifter med løyving i investeringsbudsjettet
- Auka vedlikehaldskostnader


Investering

Det har vore relativt låg investeringsaktivitet i 2016 med eit samla finansieringsbehov på kr 5,6 millionar. Investeringsrekneskapen er avslutta/saldert i balanse, finansiert med eigne midlar, bruk av bundne investeringsfond (kalkingsstasjonen), mva-kompensasjon og noko anna inntekt. Formidlingslån er finansiert med ordinære og ekstraordinære avdragsinntekter, samt midlar avsett tidlegare år.

Likviditet/arbeidskapital

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelta gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2011-2016 (tal i 1000)




Det var ein positiv utvikling frå 2011 til 2014. Gode driftsresultat og redusert investeringsaktivitet betra arbeidskapitalen. I 2014 vart det ein spesielt stor betring, knytt til utbetaling av midlar frå Fylkesmannen knytt til bygging av ny kalkingsstasjon. Dei seinare åra har kommunen hatt ein reduksjon i arbeidskapitalen. Det er normalt ugunstig med negativ utvikling av arbeidskapitalen, men nivået på arbeidskapitalen er svært godt og likviditeten til kommunen svært god.

LÅNEGJELD OG FOND

Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr. 31.12 frå 2011 – 2016 (Tal i 1000)



Oversikta syner ein reduksjon i samla fondsmidlar i kommunen i høve til 2015. Samla fondsmidlar er redusert frå kr 23,4 millionar til kr 22,1 millionar. Dette er totale fondsmidlar. Reduksjonen i totale fondsmidlar dei siste åra er i stor grad knytt til bundne midlar, spesielt midlar frå staten til ny kalkingsstasjon som vart overført i 2014.


Av dei totale fondsmidlane er kr 15,2 millionar ubundne midlar i disposisjonsfond, av desse utgjer den frie delen av næringsfondet kr 8,7 millionar.

Lånegjeld

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda har såleis vore relativt stor pr. innbyggjar, men likevel moderat i høve kommunen si evne til å betale rente- og avdragsutgift. Ingen nye låneopptak og relativt høge årlege avdrag har redusert lånegjelta monaleg, både i høve til innbyggartal og i høve til driftsinntekt. Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg godt over minstekravet til årleg avdrag og har ikkje teke opp nye investeringslån dei seinare åra.

Tabell: Utvikling i lånegjeld utanom formidlingslån 2011 – 2016:

LÅNEGJELD	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Lånegjeld (tal i 1000)	29 378	26 877	24 377	21 877	20 377	18 877
Lånegjeld i % av dr.innt	37,0 %	31,5 %	28,0 %	24,9 %	23,0 %	20,5 %
Lånegjeld i kr pr innb	79 400	70 175	65 530	57 876	53 483	49 287
Innbyggjartal	370	383	372	378	381	383



IKT

Kommunen har økonomi- og IKT-rådgjevar i 100 % stilling. Stillinga er ei kombinert stilling for IKT og økonomi, men det er også lagt andre oppgåver til stillinga. Driftsoppgåver knytt til IKT blir utført av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH). Rådgjevaren fungerar som IKT-kontakt, og er bindeleddet mellom kommunen og IKTNH. I 2016 hadde rådgjevaren permisjon frå januar til oktober.

Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland er oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune er vertskommune. IKTNH drifter IKT-oppgåver for samarbeidskommunane, og vertskommunen har einerett til å levera driftstenester innan IKT til dei deltagande kommunane. Styringsgruppe for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar.

Gjennom året har det vore fokus på å følgje opp dei ulike fellesprosjekta som er sett i verk gjennom det regionale IKT-samarbeidet. Kundetorget har også vore sterkt engasjert i innføringa, opplæringa og bruken av dei nye IKT-løysingane. For å styrke kommunen sitt fokus på digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon er stillinga som IKT/økonomi-rådgjevar no knytt til kunde- og servicetorget, men og til å utføre oppgåver ved kommunekassa. Dette vil gje overlappande kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie.

Omlegging fiberleidning på Mo

I budsjettet for 2016 vart det løyvd kr 100 000 (småinvesteringar) til kjøp av tenester for omlegging av kommunal fiber dersom Modalen kraftlag flytta sine leidingar frå stolpar til rør i bakken. Arbeidet er utført og kommunen sin samla kostnad vart ca. kr 220 000. Restsum er dekka innan driftsbudsjettet for rammeområde til rådmannen.

Økonomi

Det har vore eit vesentleg mindreforbruk i forhold til budsjettet under ansvar 1400, *IT-konsulent*. Totalt utgjer dette ca kr 450 000,- for 2016. Ein stor del av dette skuldast refunderte lønnsutgifter som følgje av rådgjevaren sin permisjon. Det har berre vore sett inn delvis vikar ved permisjon frå stillinga i 2016. Ein ser vidare at felles IKT-samarbeid gjev innsparingar på ulike område samstundes som kvalitet på drifta er vorte betre.

Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til kommunane sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den enkilde kommunen.

Kulturkontoret

Kulturkontoret i Modalen kommune har oppgåver knytt til turistinformasjon, kulturminnevern, tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar, samordning av aktivitetar og tilrettelegging av friluftsliv. I samarbeid med ulike aktørar arrangerer me modalsdagane om sommaren og julemarknad i desember.

Me er jamnleg involvert i ulike einskildsaker gjennom året. På slutten av 2016 vart me t.d. invitert med av fylkeskommunen inn i prosjekt som omhandlar digitalisering av helleristingane ved Mostraumen. Dette prosjektet går vidare inn i 2017.

Bryggjeslottet er drifta under kulturkontoret. Her har me driftsleiar i 100 % stilling samt mange unge med deltidsjobb på ettermiddagstid/helg. Ekstravaktene er til stor hjelp for at me skal kunne gjennomføre ulike arrangement som t.d. kino, bowling, kiosk.

Biblioteket som også er lokalisert i Bryggjeslottet har biblioteksjef i 40 % stilling. Kultur- og utviklingssjef er leiar for kulturkontoret.

Økonomi

	Rekneskap	Budsjett	Buds(end)	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	2016	2016	2016	2015		
Kultur	3 354 136	3 076 100	3 226 100	3 194 569	128 036	4,0 %

Hovudgrunnar til meirforbruk i 2016 kan knytast til svikt i billettinntekter ved gjennomføring av modalsdagane og ekstraordinære kostnader til drift/vedlikehald av Bryggjeslottet.

Mål 2016 – og evaluering

Kulturkontoret sette seg følgjande mål for 2016:

1. *I løpet av første halvår lage eit oversyn over ulike stønadsordningar innan kulturbudsjettet, evaluere bruken av desse for dei 3 siste åra og utarbeide ei sak til kommunestyret.*

Det vart gjort ein gjennomgang av tilskot til kulturvern. Rapport vart forelagt kommunestyret. Evaluering knytt til kulturmidlar (til lag og org.) for 2015-2016 er overført til 2017-mål. Oversikt over resterande stønadsordningar vart også overført til 2017.

2. *I løpet av første halvår gjennomføre ei ny brukarundersøking retta mot lokale og eksterne brukarar.*

Driftssjef Bryggjeslottet melder om at dette er ikkje utført. Evaluering av bruk av Bryggjeslottet med fokus på nye aktivitetar/tilbod er overført til 2017-mål.

3. *Innan 1.5. gjennomføre ei evaluering av og invitere til dialog omkring samarbeidet med lokale organisasjonar/verksemder om bruk av anlegget.*

Dette er ikkje utført. Evaluering nemnt i pkt. 2 vil ta dette opp i seg.

Aktivitetsområde 2016

Modalsdagane gjekk føre seg frå 1. – 3. juli. Ulike artistar og innslag sørga for ei god oppleveing for dei mange som tok del. Samstundes vart det noko redusert publikumstilstrauming grunna regnvêr heile helga. Slikt spelar inn på billettinntekter som er hovudkjelda til finansieringa av arrangementet.

Borna sin dag vart arrangert 13. februar. Denne gang med trylleshow, snop og smykkestasjon. I tillegg var det tradisjonelle innslag med hoppeborg, radiostyrte bilar m.m.
Nær 120 personar tok turen denne laurdagen.

I byrjinga av desember vart det halde julemarknad i Bryggjeslottet. Nærare 30 tilbydarar sørga for mangfald i vareutvalet.

Modalen kommune har arrangert konsertar i Bryggjeslottet også utanom modalsdagane. På våren med Alverflatens Jazzband, medan me ut på hausten fekk besøk av Jazzmin og Nordic Tenors.

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeidsprosjekt mellom skulen, biblioteket og kulturkontoret. Fylkeskommunen vitjar skulen jamnleg med kulturproduksjonar, medan me på kommunenivå syt for andre kulturopplevingar slik som teaterbesøk på Den Nationale Scene. Oppsummeringa syner eit godt aktivitetsnivå gjennom året.

Turstiprosjektet 2016 er eit samarbeid mellom kulturkontoret, Modalen idrettslag og vellag oppe ved Nygard. For perioden 2016 og ut 2017 skal det merkast og tilretteleggast turstiar hovudsakleg i dette området. Arbeidet vert utført på dugnad av nemnte lag og org. Arbeidet er p.d.d. i rute!

Bryggjeslottet har mykje aktivitet knytt til bygdekino, svømmebasseng, bowlig og gymsal. Det vert gjennomført bursdagsfeiringar og div. andre private arrangement.

Modalen folkebibliotek

Biblioteket

Biblioteket i Modalen er ein viktig stad for mange av innbyggjarane. Sjølv om besøk og utlån er noko redusert dei siste åra, så ligg biblioteket vårt heilt i noregstopen. Bibliotekstillinga vart frå 1. september redusert frå 50 til 40 %. Det har vore om lag 15 arrangement som omhandlar forfattarbesøk, barneteater og Den Kulturelle Skulesekken (DKS).

Type utlån	2016	2015
Bøker barn	1395	1385
Bøker vaksne	1075	1139
Lydbøker barn	58	46
Lydbøker vaksne	95	105
DVD barn	105	165
DVD vaksne	71	82
Musikk barn	15	17
Musikk vaksne	20	35
Anna	57	100
Fjernlån	39	0
Samla utlån	2 930	3 074

Biblioteket er ope tysdag, 09.00 – 14.00, onsdag 09.00 – 14.00, torsdag 13.00 – 18.00



Sosialtenesta

TENESTER OG OPPGÅVER

Barnevernstenesta: Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Noverande avtale går til 31.12.2017.

NAV Modalen ivaretok det statlege ansvaret for arbeids- og velferdsetaten, og det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte. NAV kontoret i samarbeid med psykisk helseteneste fyljer også opp rusavhengige som treng tiltak. NAV kontoret er drifta i nært samarbeid med NAV Masfjorden. Det er 60% stillingsressurs ved kontoret.

MÅL

Sosialtenesta har arbeidd etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift. Det er ikkje skissert eigne lokale mål for tenesta. Måloppnåing: Det er ikkje rapportert avvik på ivaretaking av kravet til tenestene. På NAV sine målekort scorer kontoret tilfredsstillande.

ØKONOMI

Sosialtenesta hadde eit vesentleg meirforbruk på økonomisk sosialhjelp i høve budsjett, og utgiftene vart meir enn dobla samanlikna med budsjett og rekneskap for året før. Mindreforbruk på andre postar gjorde at samla avvik kom på ca kr. 100.000,- over tildelt budsjetttramme.

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Buds(end) 2016	Rekneskap 2015	Avvik	Avvik i %
Sosial og barnevern	1 015 799	827 700	827 700	653 174	188 099	-22,7 %

Meirforbruk i 2016 har i hovudsak samanheng med auke behov for tilskot til livsopphald.

AKTIVITET

Barnevern: Vaksdal kommune rapporterer om stabil aktivitet i 2016. Talet saker som barnevernet er involvert i ligg mellom 0-4 saker.

Skjenkesaker: Det er to salsløyve og eit skjenkeløyve for alkohol i kommunen. Kommunen har avtale med innleigd kontrollør som ivaretok skjenkekontrollen. Det er ikkje rapportert om avvik på kontroll av sals- og skjenkestadene i 2016. Det har også vore gjeve løyve til skjenking til einskildarrangement i Samfunnshuset på Mo i samband med Quiz-arrangement og i Bryggjeslottet til konsertar og revy. I oktober arrangerte Modøl Oktoberfestival i telt i Mo sentrum som gjekk over to kveldar, og hadde løyve til skjenking. Ved Modalsdagane hadde Mobryggja utvida løyve. Skjenkekontrollen er nøgd med gjennomføringa, og skriv i sin årsrapport dette om Modalsdagane: «Modalsdagane er vorte ei svært velfungerande tilskiping. Særlig har ordninga med innleigde vakter på fredagen gitt gode resultat.»

Økonomisk sosialhjelp: Talet brukarar som treng hjelp frå sosialtenesta over lengre tid har auka, og fleire av brukarane kjem attende med tilbakevendande behov for hjelp på grunn av gjeld og ubetalte krav. Desse treng råd og hjelp for å kome ut av ein vanskeleg situasjon. Sakshandsamar ved kontoret har utdanning i gjeldsrådgjeving, og kontoret tilbyr profesjonell hjelp til dei som slit med gjeld.

Pleie- og omsorgstenesta



ØKONOMI

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Buds(end) 2016	Rekneskap 2015	Avvik	Avvik i %
Pleie og omsorg	13 465 159	14 298 800	14 298 800	12 496 197	-833 641	-5,8 %

Mindreforbruk i 2016 kjem hovudsakleg frå meirinntekt i høve til budsjettet.

TENESTER OG OPPGÅVER

Ved Modalstunet vert det gjeve teneste for institusjonsopphold, heimesjukepleie, heimehjelp og dagtilbod. Tildeling av omsorgsbustad, teneste for matombringning og tryggleiksalarm vert gjeve etter søknad.

Vaksdal kommune sa opp avtalen med Modalen kommune frå 01.01.16, men nytta 3 plassar fram til medio mai. Masfjorden kommune har leigt 1 plass i 15 dagar. Osterøy har leigt 2 plassar i ein månad. God kvalitet på tenestene er avgjerande for å kunna selja plassar. Sviktande sal av plassar og redusert belegg har store konsekvensar for drifta. I snitt har det vore 12 plassar i bruk fram til medio mai. Frå mai har Modalen kommune disponert 8 plassar til eigne innbyggjarar.

Det har vore 14 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet i 2016. Dette er elleve mindre enn i 2015. Det har vore 14 utskrivingar, av desse fire dødsfall.

Arbeid som er utført er oppgradering av nytt hovudsikringsskåp og skyljerom. Kjøkkenkrok med vask i fellesareala er laga til.

Dagtilbodet til heimebuande med demens og eldre i kommunen vart starta i 2013 og er vidareført. Pr. 31.12.2016 var 12 plassar i bruk annakvar onsdag. Tilbodet er eit folkehelsearbeid, og er helsefremjande for eldre som bur heime. Sosialt samvær og deltaking i aktivitet tilpassa den einskilde, er med på å gje god livskvalitet og bidreg til at ein kan bu lenger i eigen heim. Helsedirektoratet har innvilga tilskot til tilbodet.

Vi har fokus på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Samstundes vurderer me tiltak som kan redusera utgiftene, men likevel gje ei stabil og god drift. Sjukefråværet har vore omrent som i 2015. Det har vore mindre bruk av vikarar frå vikarbyrå.

Heimehjelp

Sju brukarar fekk praktisk bistand i 2016. I snitt gjennom heile året utgjorde dette om lag sju timer pr. veke.

Heimesjukepleie

Sju brukarar har i snitt motteke ca. 15 timer heimesjukepleie pr. veke.

Tryggleiksalarmer

Seks personar har nytta tryggleiksalarm.

Matombringing

Det vert levert varm middag til fire brukarar i heimen nokre dagar i veka.

OVERORDNA MÅL FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

Gode, brukartilpassa tenester.

God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trøng.

Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.

Eit godt miljø der både brukarar og tilsette skal trivast.

Pårørande skal føla seg velkomne, og dei skal

kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeider i pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune.

Personell

2016 har vore eit år med lågare sjukefråvær enn i 2015. Kjøp av vikarteneste har vore naudsynt på vår og i ferieavviklinga for å kunne drifta eininga. For å møta krav i høve Samhandlingsreforma i eigen kommune, har vi hatt fokus på å behalda og rekruttera kompetent arbeidskraft. To sjukepleiarar har starta på vidareutdanning innan kreftsjukepleie. Mål for 2016 med opplæring av tilsette og innføring i elektronisk signering i legemiddelhandtering er gjennomført. Opplæring /oppfriskingskurs i legemiddelhandtering og forflytningskurs for tilsette i høve HMS plan er gjennomført. Medarbeidarsamtaler er gjennomført. Elektroniske-meldingar i høve døgnplasser ved Nordhordland Legevakt er oppretta.

Kjøkken og vaskeri

Kjøkkenet har fokus på «Mat som medisin» då det er ein samanheng mellom kosthald, ernæring og helse. Ernæringsprosjektet som starta i 2013, er vidareført i 2016. Prosjektet vert evaluert, og erfaringa vil bli nytta til å gje rett ernæring til eldre.

Vaskeriet tilbyr vask av klede til bebuarar, og vaskeritenester til heimebuande.

AKTIVITET

Måndagar/onsdagar: trim i gruppe/avislesing.

Tysdagar: baking, som gjev oppleving av lukt og smak.

Torsdagar/ettermiddag: «Hyggestund med dans» ca. kvar 5-6 veke.

Fredagar: bingo med song, og besøk av barnehagen ein gong i månaden og andre pensjonærar i bygda er invitert.

Mai: sommarfest for brukarar, pårørande og bygdefolk. «Osterøybelgen» underholdt.

Juni: Besøk av barneteateret i Modalen

Juli: jordbærfest i hagen

September: Markering av «den internasjonale eldredagen» som er 1. oktober.

November: julebord.

Desember: besøk av 1. og 2 .klasse frå Mo skule på Lucia dagen.

7 bilturar med bebuarane gjennom året.

Ein gang pr. månad: frisør og fotpleie

Songstund/andakt: onsdag/torsdag ettermiddag anna kvar månad

Pensjonistlaget har vore på besøk to ettermiddagar med underhaldning/trekkspel og kaffistund.

Sansehagen vert nytta til gode opplevelingar for brukarane, ved å la dei ta del i kjente syslar som bærplukking. Sansehagen skapar ei fin ramme for aktivitet og «den gode samtalén», og kan bidra til å gje kvar enkelt gode stunder.

I 2017 vil vi satsa på å kunna vidareføra dagtilbodet for heimebuande eldre og rekruttera nye brukarar. Ut frå drifta vert det vurdert å auka opp tilbodet til ein dag kvar veke, der bebuarar som bur på Modalstunet og vert invitert med!

Plan for aktivitetar i 2017:

Auke dagtilbodet til eldre heimebuande til ein dag i veka

Utvike samarbeid med frivillige pensjonærar for underhaldning mm.

Få til samarbeid med skulen om bakedagar i løpet av året.

Vidareføre underhaldning på ettermiddagane ein torsdag i månaden.

Bilturar med bebuarane.

Nytta sansehagen til grill-/jordbærfest.

Maling av ledige bebuarrom.

Oppgradering av fellesareal.

Aafaltering på uteareal mot elva, slik at denne delen kan nyttast til sosialt samvær med bebuarane.

Helsecenteret

TENESTER OG OPPGÅVER

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsecenteret. Under Modalen helsecenter er følgjande tenester organisert: legekontor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

ØKONOMI

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Buds(end) 2016	Rekneskap 2015	Avvik	Avvik i %
Kommunelege	4 638 259	4 435 000	4 435 000	4 407 175	203 259	4,6%

Meirforbruk i 2016 har hovudsakleg samanheng med meirutgift på legekontoret, inkl leigeutgift til lege frå Masfjorden kommune i ein periode.

LEGEKONTOR

Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommunelekestilling. Vi samarbeider med andre Nordhordlands kommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det var ca. 510 personer som har hatt fastlege ved kontoret i 2015. I 2016 har talet vore om lag 510-520. Listetaket er på 600.

Legekontor – Mål for 2016

Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med:

1. god tilgjengeleighet
2. akseptable ventetider for legetime
3. fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

Måloppnåing

Vi har hatt god tilgang på legetimar i 2016, og ventetid har vore under 14 dagar.

Dette året har det nokre månader (febr, mai og juni) vore innleie av vikarlege medan kommuneoverlege har vore i permisjon. Vi har fått erfaring med at språk-kunnskap er veldig viktig hjå vikar, og det var betre erfaring med vikarlege henta frå nabokommune enn innleide vikarar frå byrå.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og naudsynt helsehjelp til andre som oppheld seg her:

- vanleg timebestilte konsultasjonar
- timar på diagen for tilstander som krev det
- akuttmedisinske konsultasjonar og utrykkingar
- planlagde sjukebesøk til eldre med kroniske eller akutte sjukdomar
- førebyggjande helsearbeid.

Oversikt over pasientretta aktivitet ved legekontoret:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Sjukebesøk (11ad)	13	8	5	9	1	21	15
Konsultasjonar (2ad)	1025	1116	1125	1422	1316	1165	1250
Telefonkonsultasjonar (1bd)	150	127	168	189	74	171	248
Annan kontakt (1f,1h,1i)	1017	1025	1010	1080	887	910	1121

KOMMUNEFYSIOTERAPEUT

Fysioterapitesta i Modalen kommune utgjer eit årsverk. Fysiotapeuten heldt til i Helsecenteret på Mo, og er to dagar for veka på Modalstunet. Elles har fysiotapeuten ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar. Alle skal kunne få tilbod om tenesta uavhengig av om dei bur heime eller på institusjon. Brukarane sjølv, pårørande/foreldre og samarbeidspartar kan ta kontakt.

Tenesta omfattar:

- Undersøking , funksjonsutgreiing/ vurdering.
- Individuell behandling
- Gruppetrening.
- Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Vere med å setje realistiske mål for habilitering/rehabilitering saman med brukar, pårørande og samarbeidspartar. Vere med å utarbeide individuelle planar.
- Råd og rettleiing for å betre eller bevare funksjon og førebyggje sjukdom og skade
- Trening med sikte på at brukaren skal klare viktige daglege funksjonar
- Førebyggjande helsearbeid og opplæring
- Utprøving, søknad om og oppfølging i bruk av tekniske hjelpemiddel for å bevare eller betre funksjon.
- Rettleiing ved tilpassing av bustad etter funksjonstap

Kommunefysioterapeut – Mål for 2016

Ha ei fagleg god utøving av ansvarsområda som ligg i stillinga

1. Revidering av rehabiliteringsplan etter nye forskrifter og få den godkjend
2. Fornya prosedyrar for samarbeid mellom dei ulike faggruppene og institusjonane i kommunen.
3. Fokus på førebyggjande tilbod
4. Styrka arbeidet med koordinerande eining

Måloppnåing

Fysiotapeuten har vore tilgjengeleg for timebestilling av både barn, vaksne og eldre gjennom heile året. To dagar for veka bruker han deler av dagen på Modalstunet.

- Rehabiliteringsplanen har ikkje blitt revidert siste året.
- Har til tider brukt veldig mykje tid på søking, reparasjonar og oppfølging av hjelpemidlar, og dette har blant anna medført noko mindre fokus på førebyggjande tilbod.
- Har ikkje fått arbeidd vidare med samarbeid mellom dei ulike faggruppene, men me kan dela fagleg info på personalmøter.

- Må utvikla koordinerande eining og førebyggjande arbeid vidare.

HELSESTASJON

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år. Tenesta er lovpålagt og skal førebygge sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge. I 2016 har me hatt vikar for helsesøster det meste av tida, og fleire vikarar har vore inne. Frå oktober 2016 har helsesøster tilsett i Masfjorden kommune, vore helsesøster hjå oss i 30% stilling.

Helsesøster har ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er lege fast tilgjengeleg ved seks vekers, seks månaders, eit-års og to- års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking. Helsestasjonen er lokalisert i helseenteret på Mo og har i 2016 hatt ope 1-2 dagar per veke.

Helsestasjon – Mål for 2016

Gjeremåla ved helsestasjonen tar utgangspunkt i anbefalingane i «Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten»:

1. Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging
2. Heimebesøk/oppsokjande verksemد
3. Samarbeid med skule om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar.
4. Samarbeid om habilitering av barn og ungdom med særskilde behov, deriblant kronisk sjuke og funksjonshemma
5. Informasjon og tilbod om barnevaksinasjonsprogrammet

Måloppnåing

Rammeverket for tenesta er følgt, og måla for tenesta er i hovudsak nådd. Alle born har fått gjennomført konsultasjonane som er anbefalt på helsestasjonen og i skulen. Både på helsestasjonen og i skulen har alle elevar (med føresette) fått tilbod om dei vaksinane som er i barnevaksinasjonsprogrammet.

Helsesøster har vore inne på alle trinn i grunnskulen. Utover individuelle samtalar og vaksinasjon, har helsesøster vore tilgjengeleg på skulen og deltatt i noko undervisning.

PSYKISK HELSETENESTE

Lokalt psykisk helsearbeid skal bidra til fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å fremje meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddelproblem eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlasting.

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune har og ansvar for tenester til menneske med psykisk utviklingshemming.

Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Det er tilsett personale med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i 1,8 % av stillingane. Det er i tillegg tilsett kommunepsykolog i 10 % stilling. Dette er eit samarbeid med Masfjorden og Gulen kommune. Ca. 10 % stillingsressurs har vore brukt til personale som gjev individuell jobbstøtte.

Mål

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskelttilbod. Dette betyr at pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.

1. Kommunen skal utgreia, førebyggja og behandla lette psykiske lidingar.
2. Kommunen skal ha oversikt over den psykiske folkehelsa.
3. Kommunen skal førebyggja psykisk sjukdom.

Måloppnåing

Psykisk helse er eit etablert lågterskelttilbod til ungdom i grunnskule og vidaregåande skule, gjennom tett samarbeid med skule og foreldre. Det er nær kontakt mellom fastlege og den psykiske helsetenesta slik at pasientar hjå legen får informasjon og tips om korleis det kan etablerast kontakt med psykiatrisk sjukepleiar.

I overkant av 20 personar, born, vaksne og eldre, nyttar seg av jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i Modalen kommune.

Det psykiske helsearbeidet i Modalen har i 2016 omfatta:

- støtte til elevar i vidaregåande opplæring
- å vere tilstades i skolemiljøet på Mo skule, uformell kontakt med elevane
- samtalar med elevar i grunnskulen, foreldra og andre ressurspersonar rundt desse
- tildeling og oppfølging av støttekontaktar
- utarbeiding og koordinering av individuell plan
- støtte til vaksne som treng det
- oppfølging i samarbeid med spesialisthelsetenesta ved alvorlege, langvarige problem/lidingar
- koordinering av "Støtteteam ved kriser"
- deltaking ved samarbeidsprosjektet Ungdomskontakten Salto i Knarvik
- aktiv deltaking i kommunalt oppvekst-team

Ein sjukepleiarstudent frå Høgskulen i Bergen, har gjennomført 8 veker vgleia praksis ved den psykiske helsetenesta i Modalen kommune.

MO SKULE



TENESTER OG OPPGÅVER

Grunnskule

Skuleåret 2016/17 starta 79 elevar opp på Mo skule, dette er ein nedgang på 7 elevar frå førre skuleår. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i åtte klassar/grupper dette året. 16 elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp 6 nye førsteklassingar ved skulen hausten 2016. Det er 21 tilsette ved Mo skule. Desse arbeidde til saman i 17,8 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule og leiing. Hausten 2016 vart òg ansvar for vaksenopplæring av flyktningar lagt til Mo skule. Skulen si verksemد er regulert av Opplæringslova med forskrifter. Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for «Kvalitetsvurdering av verksemد etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule». Systemet er utarbeidd for at mellom anna skuleeigar og myndigkeit kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte ved Mo skule. Mo skule skal utarbeida ein årleg tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø.

Modalen Skulefritidsordning, SFO

Vedtekten for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:

«Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassetrinn (1.- 7. klassetrinn for barn med funksjonshemminger). Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.»

Hausten 2016 var det 30 born påmeldt i Modalen SFO. Opningstida til SFO er 07.30 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søknader og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule har frå hausten 2014 tilbydd gratis leksehjelp for alle elevar.

Modalen Kulturskule

Modalen Kulturskule gjev dette skuleåret tilbod i musikkundervisning for einskildelevar gjennom heile skuleåret. Tilboden som vert gitt er mellom anna opplæring i gitar, piano, keyboard, bass og samspel. I tillegg vert det arrangert kurs i programmering dette skuleåret. Dette vert eit intensivkurs som går over 6 veker med to timer kvar veke.

Tilboden ved Modalen kulturskule har bra oppslutning. I skuleåret 2016/17 er det 23 elevar som tek del i musikkdelen av tilboden. Kurset i programmering er avgrensa til 12 elevar.

Vaksenopplæring

I samband med at Modalen busette flyktningar i kommunen vart det oppretta tilbod om vaksenopplæring lagt til Mo skule. Rektoransvaret vart lagt til rektor ved Mo skule, og det vart tilsett pedagog i 100% stilling. I løpet av hausten kom det 6 vaksne flyktningar som fekk opplæring i norsk og samfunnsfag etter introduksjonslova.

ØKONOMI

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Buds(end) 2016	Rekneskap 2015	Avvik	Avvik i %
Skule	10 433 242	10 848 064	10 848 064	10 168 444	- 414 822	- 3,8 %

Mo skule har i 2016 greidd å halde budsjettet godt i 2016, og har eit mindreforbruk på kr 360 000. Ein del endringar i personalet midt i kalenderåret har ført til litt lågare lønsutgifter enn budsjettet, det har òg vore meirinntekt. Budsjettet for skule (grunnskule, SFO, kulturskule og vaksenopplæring) går fint i balanse dette året.

MÅL

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemد finn ein i Opplæringslova med forskrifter (www.udir.no). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med «Kunnskapsløftet» (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemد.

Mo skule utarbeidar ein «Handlingsplan for Mo skule 2016/17». Internt ved skulen er det eit mål at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis vert meir synleg. Måla i handlingsplanen skal evaluerast to gonger i året.

Handlingsplanen er eit verkty for ein organisasjon som lærer og er i utvikling.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2016. Mo skule bruker resultata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultata på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultata med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultata frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Satsingsområda for skuleåret 2016/17 er i stor grad vidareført frå førre skuleår. Skulen arbeider for at trivselen hjå elevane skal vera høg. Elevundersøkinga viser positive resultat og utvikling med omsyn til trivsel på skulen. Skulen har eigen sosiallærar og spesialpedagogisk rettleiar, og ein gjer seg nytte av Olweus sitt anti-mobbeprogram. Det vert mellom anna arrangert «vennedag», og skulen deltek på nasjonal veke mot digital mobbing. Prosjektet «Psykisk helse i skulen» vert gjennomført i alle klassane på ungdomsseget kvart år i samarbeid med helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar. Klassane på barneseget arbeider systematisk med det sosialpedagogiske programmet «Zippys venner» og heile skulen arbeider med element frå «Dei utrulege åra».

Mo skule har nytta seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». Ein av pedagogane studerte 2016/17 engelsk ved HIB, og to pedagogar deltek på eit toårig deltidsstudie i matematikk ved NLA. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha minst ein tilsett under vidareutdanning.

Sjukefråværet ved Mo skule er relativt høgt. Få tilsette og fleire på langvarige sjukmeldingar gjev høgt fråvær totalt. Det er fokus på trivsel og relasjonsbygging. Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette der ein mellom anna fokuserer på arbeidsmiljøet.

Heile personalet ved Mo skule har frå hausten 2015 delteke i pilotprosjekt «Mot tilpassa og inkluderande opplæring». Dette er eit prosjekt med rettleiing frå Statped vest og PPT der tilsette ved Mo skule skal øvast i å ivareta kvar enkelt elev på ein endå betre måte. Dette prosjektet vart avslutta i august 2016.

AKTIVITET

Mo skule har ei tid hatt fokus på tverrfagleg arbeid på tvers av aldersgruppene. Det har vore arrangert fagdagar innan fleire fag med bra læringsutbyte. Desse dagane løyser vi opp timeplanen og elevane arbeider i grupper med ulike tema. Fellesskap og samhandling er i fokus desse dagane.

Den årlege fellesturen ved skulestart gjekk i år til Hellandsdalen. Der hadde heile skulen ein sosial «samanristingstur» med grilling, bærplukking, leik i bekken og bålkokt kakao.

Den tradisjonelle lysmassa vart gjennomført også dette året. Elevane har ansvar for det meste av innhaldet i denne lysmassa. Mo skule er svært nøgde med samarbeidet med «Den kulturelle skulesekken», Rikskonsertane og kulturkontoret i Modalen kommune. Desse medverkar til at elevane får eit rikt og variert tilfang av kulturopplevingar gjennom året.

Modalen Barnehage

Modalen barnehage er ein 3-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-2 år, 3-4 år og 5-6 år.

Styrar er ansvarleg for rammeområdet. Hausten 2016 mottok Modalen flyktningar, der 4 barn skulle begynne i barnehagen. Ein trengde laga løysingar på avdelingane som gjorde at me kunne ta inn desse barna. Me var ein 2 avdelings barnehage, men valte å dela den eine avdelinga opp i ei underavdeling. Ein har framleis to pedagogiske leiarar, der den eine pedagogiske leiaren har ansvar for avdeling og underavdelinga. Det er pedagog på alle avdelingane.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Det er føresett at born busett i andre kommunar kan nyttja plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Våren 2017 vil det vere 28 born/36 plassar i barnehagen, der 8 av borna kjem frå andre kommunar. Bemannninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Bemanningsnorma i Modalen barnehage er sett til 1 vaksen pr. 5 born.

Barnetal:	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)	28(8)

(Tala i parentes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.) Auke i barnetal kjem blant anna av 4 flyktningebarn som kom hausten 2016.

Stillingsressurs: 9,37 årsverk.



Evaluering av mål 2016

Arbeide vidare med arbeidsmiljøet

Det er gjennomført ny arbeidsmiljøundersøkjing, med svært gode resultat. Samtlege i personalet svara på 9 ulike arbeidsmiljø relaterte spørsmål. Gjennomsnittet låg på 4,8 av 6 moglege. Lågaste skår var på 4,2 og 4,5. Sjølv om gjennomsnittet er høgt, kan ein ut frå undersøkjinga sjå at det er 2 personar som har skåra lågare enn gjennomsnittet på to av spørsmåla, dette ynskjer me å arbeide vidare med i fellesskap.

Arbeide systematisk med implementering

Me har arbeida systematisk med å implementera ny kunnskap i barnehagen. I fellesskap er det laga rutiner for korleis ny kunnskap skal verta ein integrert del i barnehagen som alle kan dra nytte av.

Endring og kvalitetsheving

Ein har no fått kjennskap til kva endring og kvalitetshevingsarbeid er og føresetnader som må til for å få endring til. Me har lært oss å driva utviklingsprosesser og har laga oss rutiner me fylgjer når me arbeider fram nye ting.

TENESTER OG OPPGÅVER

Barnehagen si opningstid er no utvida om morgonen, fra 07.30 til 07.00. Foreldra kan velja mellom tre- eller femdagars tilbod. Barnehagen byr på heildagsplassar. Vi arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage (kr 2 730,-). Ein tredagars plass kostar kr 1 530,- og ein femdagars plass kostar kr 2 000,-. I tillegg kjem pris for kost på kr 165,-, og kr 273,-. Dette inkluderer tre daglege måltid og frukt.

Organisering

Det er ein to avdelings barnehage. Barnehagen er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistenter / fagarbeidarar etter talet på barn. Vedtekten til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma fem barn pr. vaksen. I barnehagelova og vedtekten er det fastsett kor mange barn det skal vere pr. pedagogisk leiar. Tal på årsverk var 9,07 vårhalvåret og 9,37 hausthalvåret inkludert kjøkkenpersonell.

Barnehagen har samarbeid med SFO i feriar. I sommar vart veke 29 stengt.

Mål

Visjonen til barnehagen er «Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus». Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. Me nyttar oss av arbeidsmåtane «Mange intelligensar (MI)» og Dei utrolige åra (DUÅ). MI bygger på ein teori om at menneske er født med åtte intelligensar og at barn nyttar alle på ein naturleg måte,

noko som gjer dei dyktige i å læra. Alle intelligensane heng saman. Det gjeld å arbeida vidare med det barn meistrar. Slik vert barna betre på det som dei ikkje meistrar så godt. Den andre arbeidsmåten DUÅ er godt forankra i det daglege arbeidet og i temavala i løpet av året. Metoden bidreg til å fremja sosial og emosjonell kompetanse hjå barn, og til å førebygge barns åtferdsproblem. I tillegg fylgjer me dei nasjonale satsingsområdene for kvalitetsheving og arbeider med å styrke den pedagogiske leiinga og arbeid med språk.

Dette året har:

- Alle tilsette har fått tilbod om medarbeidarsamtalar.
- To fagarbeidarar har dette året delteke på Arbeidsbasert Barnehagelærarutdanning.
- To assistenter tek fagarbeidar utdanninga Barne og ungdomsarbeidar
- To i personalet har fått kurs i Norsk med teiknstøtte gjennom Statped Vest
- Alle personalet er kursa i Dialogisk lesing.
- Alle i personalet har gjennomført oppfylgjingskurs i dei utrolige åra (DUÅ)
- Ressursteam ein gang pr. månad. Dette er eit samarbeid mellom tilsette frå PPT, styrar og dei pedagogiske leiarane. Me har stort utbyte av dette teamet, og kan på denne måten setja inn tiltak tidleg for born som treng det.

Me har dette året hatt stort fokus på implementeringsarbeid og arbeida systematisk for å få nyerverva kunnskap ut i barnehagen til alle tilsette.

Våren 2016 deltok barnehagen i ei undersøking om inneklima i Norske barnehagar. Det var NRK forbrukarinspektørane i samarbeid med Helsedirektoratet og Mycoteam som sto for undersøkinga. Det var 102 tilfeldig utvalgte barnehagar som vart kontrollert. Hensikta med Mycoteams undersøking var å oppdaga om det var teikn til problematisk fukt, ved å sjå på førekomenst av bakteriar og muggsopp innandørs. Svara på prøvane var at det var ingen unormal verdi i Modalen barnehage. Det var lave verdiar av muggsopp innandørs, samt at det ikkje var unormale verdiar av bakteriar og muggsopp som ein forbind med fuktskadar.

ØKONOMI

	Rekneskap	Budsjett	Buds(end)	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	2016	2016	2016	2015		
Barnehage	4 371 542	4 942 195	4 942 195	4 285 619	- 570 653	- 11,5 %

Rekneskapen syner eit mindreforbruk i 2016. Me driftar barnehageplassar for nabokommunane Vaksdal og Lindås, og fekk auke i inntektene ut over det som var budsjettet. Årsaka var at me hadde ledig kapasitet og kunne tilby plass til tilflyttarar i nabokommunen.

AKTIVITET**Barnetal**

	Vår 2016	Haust 2016
Barnetal	24	27
Tal plassar	32	34
Barnetal frå andre kommunar	7	8

Hausten 2016 kom det flykningefamiliar til Modalen. Fire barn var i barnehagealder og fekk plass i barnehagen.



For å byggja gode relasjonar og sikra ein god overgang for førskulebarna har me jamlege besøk mellom skulen og barnehagen. Vi har òg eit godt samarbeid med Modalstunet, der vi vitjar bebuarane og blant anna spelar bingo og har songstunder med dei. I staden for å reise rundt til bedrifter ved Lucia, har me no valt å invitera dei eldre til barnehagen. Bebuarar på Modalstunet, Pensjonistlaget og Besteforeldre vert invitert til å dela denne stunda med oss. Dette har me fått svært gode tilbakemeldingar på. Både små og store koste seg i lag. Andre fasilitetar i Modalen som barnehagen nyttar er Bryggjeslottet med basseng, gymnastikksal og bibliotek.

FORELDRESAMARBEID

Vi har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om to foreldresamtalar og tilbod om å delta på to foreldremøte, hausten og våren. Det er valt ein foreldrerepresentant som er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen. I november 2016 deltok me på den nasjonale brukarundersøkinga for barnehagar. Det var 72% svarprosent og ein snittskår på 4,6% av 5 moglege, me låg over landsgjennomsnittet. For å ta brukarane på alvor arbeider me vidare med det foreldra meiner me er gode på og strekkjer oss på å verta betre på det me fekk lågare skår på. Resultatene fra undersøkelsen nyttas/brukes av barnehagen og barnehageeier som en hjelptil å vurdere å utvikle barnehagetilbuet.

FRAMTID

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Slik vil vi alltid ha nye mål og søken etter ny kunnskap. Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling. Vi legg stor vekt på å følgja borna sine interesser og ser til at barns medverknad vert følgjt opp.

Teknisk etat

TENESTER OG OPPGÅVER

Teknisk sjef har leiaransvar for teknisk etat. Under teknisk etat er følgjande tenester organisert: brannvern, landbruk, vaktmeistertenesta, reinhald og administrasjon.

På teknisk etat er det samla 10,9 årsverk. Desse er fordelt med 3,8 i vaktmeistertenesta, 5,1 innan reinhald og 2 i administrasjonen.

Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avlaup
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggjesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved brann, ulykke eller vasskade

Teknisk Etat – Mål for 2016

Teknisk etat har som overordna mål å arbeida for trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.

1. Yta god service til publikum
2. Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemnd
3. Arbeida for å betra kommunikasjonstilhøva
4. Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg
5. Gjennomføra tiltaka i økonomiplanen og budsjettet for 2016.

Delmål

- *Innan 01.03.16 gjennomføre oppfølging av forvaltningsrapport, sak 007/2015*
- *Utføre nærmare planlegging av Mo vassverk med behov og kostnadsutgreiing.*
- *Utføre nærmare planlegging av garderobeanlegg for brannmannskap/vaktmestrar med behov og kostnadsutgreiing.*

Måloppnåing

- Oppfølging av forvaltningsrapport, sak 007/2015 vart gjennomført i FS sak 012/16 og KS 011/16
- Mo vassverk vil varta planlagt i samband med at det skal utarbeidast ein områdeplan for Trohaug – Otterstadområde.
- Det har vore laga ei planskisse på planlegging av garderobeanlegg i industribygget på Mo for brannmannskapet.

ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2016	2016	2016	2015		
Teknisk	12 760 108	12 090 692	12 290 692	11 731 893	469 416	3,8 %

Rekneskapen for 2016 syner eit meirforbruk på kr 469 000. Hovudårsakene til dette er avsetjing av midlar til tvistesak med Modalen kraftlag, utgiftsføring i drifta av utgifter som var budsjettert i investeringsbudsjettet, samt auka vedlikehaldskostnader.

AKTIVITET

Områdeplan, arealdel, oppstart – konsulenthjelp

Arealplan og kommuneplanen 2015 – 2026 for Modalen kommune vart vedteken av kommunestyre i sak 033/2015, med ein føresetnad av at det skulle utarbeidast ein områdeplan for Trohaug - Otterstad området. Kommunestyret har vedteke å utarbeide ein mulighetstudie for «området mellom Trohaug og nyebrua», som ein fyrste fase i planlegginga av ein områdeplan for Otterstad – Trohaug. Konklusjonar frå mulighetstudiene vert å nytta som grunnlag for den vidare planprosessen. Mulighetstudiet skal vurdera om Trohauggrupa er godt egna som eit framtidig attraktivt bustadområde, slik at vi kan unngå å ta i bruk dyrka mark på Otterstad. Viss ikkje må ein legge til rette for å utvikle Otterstad med ulike typer bustader/kombinert næring. Mulighetstudie starta opp med konsulenthjelp hausten 2016 og er venta avslutta fyrste halvår 2017.

Byggjesaker

I 2016 vart det handsama 5 eitt trinssøknader og ein søknad utan ansvarsrett. Det er ledig ei kommunal tomt på Mo, tre på Helland og ei på Øvre Helland.

Kart, matrikkel og skråfoto

Nye ortofoto over Modalen vart ferdige i 2016 og kart vart oppdatert.

Modalstunet - takheisar bebuarrom

Det er siste åra oppgradert 6 bebuarrom og det vart då montert takheis på eit av romma. Denne er teke i bruk, og i 2016 vart det investert i to nye takheisar. Dei tilsette er nøgde ved at det vert mindre fysisk belastning i høve forflytningar.

Oppgradering av hovudsikringsskap Modalstunet

Hovudsikringsskapet på Modalstunet vart oppgradert med automatsikringar med innebygd jordfeilbrytar.

Skilt Modalstunet

Det vart satt opp nye skilt på veggen av Modalstunet med namn, merking og belysning av hovudinngang.

Modalstunet – diverse vølingar

Skyllerommet vart oppgradert med benkar og skap. Rommet var prega av stor slitasje frå 1985. På grunn av lekkasje på pipa var det behov for ny skorsteinshette. Det var behov for å skifta ut varmepumpa på stova, då den gamle vart øydelagd.

Poleringsmaskin til Modaltunet, reinhald.

Ny Poleringsmaskin til Modalstunet vart kjøpt inn i 2016.

Barnehagen

Barnehagen vart malt i 2016.

Ny rampe og busskur ved Mo skule

Det vart bygd ny rampe og busskur. Trappa vart rive og erstatta med ein rampe.

Det viktigaste argumentet for å byta ut trappa med ein rampe er krav om universell utforming. Skulen har i dag elev som er avhengig av elektrisk rullestol. Tilgjenge har vorte betre. Busskuret vart kjøpt inn og dekka av Statens vegvesen.

Avsetjing til næringsbygg/kommunehus – nybygg/opprustning

Kommunestyret vedtok å utarbeide eit skisseprosjekt for «Modalen nærings- og tenestesenter» i Mo sentrum. Det vart halde ein open anbodskonkurranse om arkitektjenester, og i mai 2015 vart det HRTB arkitektar som vart vald til å lage eit skisseprosjekt. Hausten 2015 vart skisseprosjektet presentert i kommunestyret. Prosessen vidare vart tenkt å starte opp hausten 2016. Grunna arbeidet med kommunereformen vart arbeidet utsatt og vil verta starta opp fyrste halvdel av 2017. Det vart avsett kr 2 000 000 til føremålet.

Diverse investeringar innan vatn og avlaup

I 2016 vart pumpestasjon for avlaup montert på Helland. Det vart skifta ut ein kum for vassforsyning på Otterstad. Prøvetakaruttsyr for slam vart skifta ut i renseanlegg på Øvre Helland. Pumpe vart skifta på Hugnadstad. Øvre Helland vassverk vart godkjent av Mattilsynet i 2016. Vassprøvane syner god kvalitet på vatnet frå alle vassverka.

Oppgradering av kommunale bustader

Det vart investert i nye vindauge i ein communal bustad på Kleivane. I tre kommunale bustader vart vedomnane skifta ut til reintbrennande omnar. Fire kommunale omsorgsbustadar på Mo fekk montert nye skorsteinshetter, skifta därleg kleddning og vart malt i 2016.

Tomannsbustad på Øvre – Helland fekk skifta gavlvegg som hadde råteskadar. Tomannsbustad på Kleivane fekk montert snøfangare. Det har vore behov for oppgradering av det elektriske på fleire kommunale bustader.

Vegar og plassar

I 2016 vart det asfaltert frå brua på Helland til bustadfeltet på Helland.

I samband med bygging av rampe ved skulen vart ein del av område ved tidlegare gymbygg asfaltert. Dei kommunale vegane vart kosta og sandfang tømt. Det vart også kantlypt langs vegane.

Nytt ventilasjonsanlegg bustader Mo

Kommunen har fire gjennomgangsbustad/trygdebustadar på Mo. Ventilasjonsanlegga i bustadene har vore defekt og difor ikkje i bruk. Det kan vera store konsekvensar ved å ikkje ventilera bustadene. Byggeigar er ansvarleg for at byggeforskrifta er ivaretatt. Det vart investert i tre nye ventilasjonsanlegg i bustadene ut ifrå løyvd investeringsbudsjett i 2016.

Skifte av taket på Øvre Helland samfunnshus.

Det vart skifta tak på Øvre Helland samfunnshus då det var behov for nytt tak.

Oppgradering av kommunalt uteområde

Det har vore oppgradering av uteområde på Otterstad ved båthamna. Det har vore rydda tre, kjøpt inn og montert ny grill til området. Prosjektet vert avslutta 2017.

Det har vore oppgradering av parken på Øvre Helland. Det vart kjøpt inn ny grill til området. Vedlikehald av parken har ikkje vore prioritert dei siste åra. Parken har grodd igjen og har ikkje vore brukt slik det var tenkt når parken vart etablert. Hovudvekta av arbeidet i 2016 har vore å rydda og kvista slik at parken har vorte opnare, trivelegare og meir tilgjengelig. Arbeidet med å rydda parken vil halde fram i 2017. Samarbeid med vellaget på Øvre Helland er etablert og vil halde fram våren 2017.

Brann



Ny brannbil levert i 2016.

Ein del av brannmannskap har gjennomført brevkurs i brannvern. Det har vore utrykning til brann på Romarheim, trafikkulykke på Romarheim, Trafikkulykke i Modalen, brann i tunnel på Eikefet og tre over ein person i Eksingedalen. Mannskapet har hatt kurs i livredning og bruk av hjartestartar. Ein del av mannskap har også vore på kurs i samhandling med politi og helse i farlige situasjonar. Mannskap har også øvd på sløkking av brann ved nedbrenning av ein bustad i samarbeid med Lindås og Meland brannvern. Ein har teke sertifikat for utrykknings- køyretøy. Det vart rekruttert 4 nye mannskap i 2016.

Kalkstasjon ved Espeneset

Eit kalkingsanlegg basert på kalkslurrydoserar vart ferdigstilt ved Espeneset. Prosjektet er finansiert med tilskot frå staten.

Vaktordning/ utetenesta

Vaktordninga har fungert bra i 2016. Me har hatt ein del utrykkningar, spesielt i samband med straumbrot. Det har også vore utrykkningar i samband med flaum og også utrykking i samband med utrasing av fylkesveg på Otterstad.

Sommarjobb

21 ungdommar frå Modalen i alderen 15 – 23 år har hatt sommarjobb i kommunen i 2016. Dei har tilbod om 3 veker. Arbeidet er fordelt på Bryggjeslottet, Modalstunet, Barnehagen og Teknisk Etat. Tilboden gjeld for ungdom som har gjennomført 10.klasse i Modalen.

Reinhaldstenesta

Reinhaldarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds- og bemanningsplanar. Det har vore nedvask på de fleste offentlege bygga i kommunen. Me har no eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester.

Landbruk

Landbruksavdelingane i Modalen, Vaksdal og Masfjorden har gjennomført kompetanseheving blant nye bønder i kommunane, det har vore arrangert fleire møter med ulike landbrukstema. I Modalen er det i dag 11 aktive bønder, av desse driv 5 med mjølkeproduksjon, 5 driv med sauahald og ein driv med førsal. 1632 dekar med jordbruksareal er i drift i kommunen.

Aktiviteten i landbruket utløysar knapt. 2,2 millionar kroner i produksjonstilskot og ca. 21.000 kroner i regionalt miljøprogram og 35 000 til beitelaga. I 2016 var det ein søknad om SMIL-midlar til inngjerding av kulturlandskap. To smil-prosjekt som gjaldt restaurering av bygningar vart ferdiggodkjent. Det har vore litt aktivitet knytt til drenering. Modalen har 4 beitelag som er aktive. Dei har investert i sankegjerder, bruver og radiobjeller. Modalen har sommerstid eit stort tal sauar frå heile regionen på beite.

Skog

Det har vore litt meir aktivitet i skogen. Det vart i 2016 avverka 314 m³ med tømmer. Dette er litt meir enn i 2015.



Hjorteviltforvaltning

Dei tre valda i Modalen vart i 2016 ein del av bestandsplanområde Storfjellet.

Bestandsplanområde inkluderer Modalen, deler av Eksingedalen og delar av Voss. Det vart utarbeidd og godkjent ein nye felles bestandsplan for bestandsplanområde. Bestandsplanområde vert administrert av Vaksdal kommune, då dei har størst teljande areal i bestandsplanområd.

Framtid

Vi vil ha fokus på økonomi, vedlikehald av kommunale bygg, brannberedskap, landbruk, kommunale vegar, vatn og avlaup, kart/matrikkkel og planarbeid.

Planarbeid vil varta prioritert då vi ser behov for nye bustadtomter i kommunen.